

-korleis det gode så lett tek plassen til Den Gode

Under andre verdskrigen var kaffi sjeldan vare, og kaffi-erstatninga som var å få tak i var basert på løvetann og erter. Ingen som hadde smakt ekte kaffi føretrakk erstatninga. Likevel gjekk det ned, det var jo trass alt det nest beste, var det ikkje?

Vi les i Bibelen og syng rett som det er i songar at Gud skapte oss for at vi skulle vere nært knytt til han, og at det er det beste for oss. Men vi har så utruleg lett for å knyte våre håp, vår verdi og vår identitet til eitt eller anna som vi løftar opp og gjer til det viktigaste i livet vårt.

I denne serien vil vi prøve å avsløre korleis ting som egentleg er gode i seg sjølv kan bli guds-erstatningar. Kvifor ta til takke med det nest beste, erstatninga, når den ekte livgjevande varen er gratis tilgjengeleg for alle?

litt om tema

Kva er poenget med fromme gjerningar dersom vi ikkje skal skryte av det på facebook? Kvifor faste dersom vi ikkje kan tvitre fortløpande om det? Korleis kan bøn ta seg best mogleg ut på instagram?

Slike spørsmål måtte Jesus ha svart på dersom han skulle heldt bergpreika i dag. Og i grunn er det fullt mogleg å finne ut omtrent kva han ville svart.

For sjølv om teknologien og tida endrar seg, så er menneskehjartet det same. Til alle tider har vi ønska oss at nokon skal sjå oss, at nokon skal bekrefte at vi duger.

Men i våre dagar er det lettare enn nokon sinne å sjå etter denne bekreftinga på feil stad. Og når vi lojalt ser ned på skjermane våre for å finne ut kva vi er verdt, så er det vanskeleg for oss å sjå at Gud er nettopp ein Gud som ser.

SELFIES, LIKES OG BASUNBLÅSING

Les teksta
Matt. 6, 1-18



Bibel

-vegleiande spørsmål:

- Kva ord og vendingar er det som blir repeterte i denne teksta? Kva kan det fortelje oss?

- Det som Jesus beskriv i vers 2 må ha gått føre seg i verkelegheita for at poenget hans skulle fungere. Sjå for dykk situasjonen. Reagerer de, og i så fall kvifor det?

-den ærlege samtalen

- Har du sett nettkampanjar som kanskje mest er til for å markere kor moralske dei som deler dei er?

- Korleis vrir vi på verkelegheita for at folk skal like oss på nett?

- Vi har open kanal til Universets Skapar™. Korleis bruker vi den?



Fellesskap

- gjennom deg og vidare



Misjon

Korleis kan vår oppførsel på sosiale media vise veg mot Vegen, Sanninga og Livet? Kva tenkjer du trekk folk nærare Jesus, og kva er mest eigna til å støyte folk bort?



Raushet

- takksam deling

Vi blir alle oppfordra til å «gje av oss sjølve» i alle kanalar for tida. Men korleis kan du i så fall gjere det slik at folk kjenner at dei blir rikare og ikkje fattigare av det du gjev?

"Ingen naturlege kjensler er opphøgde eller låge, heilage eller ugudelege i seg sjølv. Dei er alle heilage når Guds hand har styringa. Dei vert alle forderva når dei riv seg laus og gjer seg sjølv til avgudar".

-C.S. Lewis,
Den store skilsmissa (1944)



Bøn

- takk, bøn og forbøn

- Takk for at de får vere Guds barn og ikkje hans lønsmottakarar.
- Be om at sosiale media skal få ta berre ein passeleg stor del av tankane og bekymringane dine.
- Be «Vår Far» saman.
- Del bønemne og be gjerne for kvarandre eller for andre personar.

Måten vi veks på som kristne er å lære oss å skilje ut kva som er Guds tale til oss og så handle på det. Av alle samtalanene, tekstane og bønene i dag: Kva har blitt ståande som viktigast? Under kan du skrive kva det er, og kva slags respons du vil gje dette. Du bestemmer sjølv om du vil dele dette med gruppa.

Kva hørde eg?

Kva gjer eg med det?



-korleis det gode så lett tek plassen til Den Gode